



Ordføreren sitt hjørna – mai 2010

Hemsedal har vekst i folketalet, eit allsidig næringsliv med eit tungt vinterreiseliv. Det er sterk vilje til å skapa sine egne arbeidsplassar og folket har ein sterk ”stå på vilje”. Me har ein ung og frisk befolkning, og er på toppen av levekårsindeksen. Dette er nokre unyanserte stikkord på bygda vår, men sjølv om me ser burt ifrå statistikkar så fungerer det meste godt. Det er likevel nokre mørkare skyer over oss.

Det er tungt å få beskjed om nedlegging av arbeidsplassar. Spis/Grilstad konsernet har no bestemt at avdelinga i Hemsedal skal leggjast ned til hausten. Dette er ein av dei største arbeidsplassane i bygda, og det er industriarbeidsplassar som me ikkje har for mange av. Nesten 30 personar misser jobben. Dette vedtaket er gjort trass i at bedrifta her i Hemsedal har gått bra både økonomisk og produksjonsmessig. Det er ikkje få medaljer Spis har samla opp gjennom åra for å produsere gode kvalitetsvarer i skarp konkurranse med liknande bedrifter andre plassar. Trass i god kompetanse og god drift så ser ikkje det ut til å telle mykje når konsernet tek sine overordna vedtak. Produksjonslinja (inventaret) blir også overført til anlegget deira på Åsen i Levanger kommune.

Vedtaket er gjort, og me må sjå framover. Kva som skjer med bygget veit eg ikkje. Det er Spis/Grilstad som eig det, og når dei eventuelt skal avhende bygget er uvisst. Det er derfor berre å vente litt, for det kjem nok avklaringar etter kvart. Elles håpar eg at utviklinga me har hatt med nye og spennande nisjeproduksjonar på diverse matprodukt held fram. Kommunen vil kunne støtte utvidingar og nyetableringar etter regelverket for næringsfondet vårt. Har nokon gode idear så er det berre å ta kontakt.

Landbruket er også inne i ei stor endring. Det har aldri vore produsert meir mjølk i bygda enn no, men talet på bruk har gått ned jamnt og trutt. Stadig meir av mjølka blir levert frå samdriftsfjøs. Førebels ser det ut til at denne utviklinga er rett for framtida, men bøndene må ha betre inntektsvilkår for å kunne halde fram. Dette er det Staten som legg rammene for, og dragkampen om landbruksoppgjøret er i gang. Det må vera eit tradisjonelt landbruk i botnen for å kunne drive med attåtnæringar, og det må vera eit aktivt landbruk i bygdene også for at me kan ha levande bygder. Basis for mykje av reiselivet vårt utanom det Hemsedal Skiheiser tilbyr er tufta på landbruket, på aktive stølar, på fjell og vidde og godt pleia kulturlandskap. Det er derfor viktig for Hemsedal som ei allsidig bygd at Norge har eit livskraftig landbruk. Økonomien er viktig for dei val meg gjer for framtida, også for dei unge som står framføre viktige yrkesval. Såleis er Staten sitt tilbod mykje viktigare enn kommunen si nyleg vedtekne landbruksplan og framtidige kommuneplanar.

Hemsedal sin styrke er at me har eit allsidig næringsliv, sjølv om vinterturistfoten er den tyngste. Det gjer oss mindre sårbare, og også meir interessante for fleire typer etableringar. Arbeidsplassar er viktige for kvar folk vel å busetja seg.

Eg er optimist!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører
(sign.)